

Referat frå FAU-møte 18.9.2017

Tid: Kl 17.30-19.30. Stad: Kantina på skulen.

Desse møtte:

Rektor: Monica T Waage

1.klasse: Maria Ones

2.klasse: Eli Sletten Solsvik

3.klasse: Charlotte Grøttveit

4.klasse: Bodil Kaland

5.klasse: Vidar Gjerstad

6. klasse: Kristine Lunde

7.klasse: Elin Gaulen.

Godkjenning av saksliste. Ingen merknader.

22/17: Konstituering av nytt FAU for skuleåret 2017/2018.

Vi blei konstituert slik:

Leiar: Kristine Lunde (på valg kvart andre år, sitter som leiar ut skuleåret 2018/2019)

Nestleiar: Bodil Kaland

Skrivar: Vidar Gjerstad

Kasserar: Kristin Tredal

Resten er styremedlemar.

23/17: Møteplan for året.

Me prøvar å ha møter på følgande datoar:

30. oktober, 22. januar, 9. april, 28. mai

Kristine kallar inn

Møte i SU/SMU blir forsøkt halde i slutten av november og i februar/mars.

24/17: Årshjul for FAU og fordeling av arrangement på trinna.

Sjå vedlagt årshjul!

Me prøver oss på samme aktivitetsnivå som i fjor. Nytt av året er at vi sitt opp dei forskjellige trinna som ansvarlege på kvar aktivitet. Slik at det ikkje blir FAU som må arrangere/organisere kvar gong.

Bingokveld: 3. oktober. 2. og 5. klasse har ansvar for å arrangere denne.

Julefesten: 6. desember i Ungdomshuset, som i fjor. **4. og 6. klasse har ansvar for å arrangere denne.** Planleggingsmøte her blir torsdag 16.11. kl 1800.

Mammakveld: Var 20. januar i fjor. Kom inn forslag om å ta det i november i år og kalle det ein «bli kjent kveld» for mødrene. Foreslår ein slik kveld torsdag 16. november med eit planleggingsmøte til julefesten for 4 og 6 kl. i forkant. **Kristine kallar inn!**

Karneval: onsdag 21. februar i veka før vinterferien. Kjører samme delingsmodell som i fjor. 1-4 trinn ilag og 5-7 trinn ilag. **1.3. og 7. klasse har ansvar for å arrangere.**

Temakveld for foreldre: Om me skal ha dette planlegg me i FAU seinare i skuleåret. **Ansvar for å lage til er 2. og 4. klasse**

Foreldrestyrt dag: Me planlegg å lage til ein enklare dag enn sykkeldagen i fjor, mulig ein tur på skøyter i Bergenshallen. Rektor og lærarane foreslår torsdag 1. februar. Då får personalet ein ekstra planleggingsdag.

Sommerfest: Det kom fram i evalueringen etter 2017 sommerfesten, at det blir mykje køståing for å betale i kiosk. Denne sumarfesten går vi for ein korgfest der kvar familie tar med seg mat nok til seg og sitt som vi deler på eit stort langbord. Me fortsett med lynlotteriet.

1.,3.,5. og 7. klasse lagar til sommerfesten.

7.klasse sin avslutningsfest blir laga til av 6. klasse.

Som årena før oppmodar me i fau at kvart klassetrinn lagar til sin eigen sosial kveld, gjerne ein på hausten og ein på våren. **Vara for FAU i kvar klasse har ansvaret.**

25/17: Planlegge bingokveld.

Dato: Tysdag 3.oktober.

Eli Sletten Solsvik 2.kl, Vidar Gjerstad og Kristine Lunde 5 kl. i (ihht årshjulet) planlegg etter møtet :) Foreldra i 2. og 5.kl får oppgåver.

26/17: SU og SMU- korleis vil vi gjere det på skulen vår.

Monica forklarte oss litt av forskjellen på desse to utvalga.

For at me skal ha utbytte av dette skal rektor sjekke om SU kan gå inn i SMU, då det handlar mykje om det samme.

Kristine føreslår eit møte 22.november og eit møte 14.februar.

27/17: Opplæringslova ved rektor, Monica.

Monica informerte litt om det samme som ho la fram til oss alle på foreldremøte for litt sidan. Det er viktig med elevanes kvardag (dei skal ikkje mobbast, være einsam eller grue seg til å gå på skulen).

Alle ansatte pliktar å gripe inn i saker som dei ser i det daglige, prøve å ordne opp der og då, og melde det vidare til rektor om det ikkje lar seg løyse eller ein finn ut at det er eit vedvarande problem.

Så skal rektor lage ein skriftelig plan med tiltak som skal ha som mål å løyse problema eleven har.

Denne planen og tiltaka i den skal evaluerast fortløpande. Fylkesmannen er klageinstans for foreldra om skulen ikkje set i gang tiltak eller tar tak i saka.

28/17: Lavvo.

No er skulen komt godt i gong med fast uteskule for 1.-4.kl. I den forbindelse så dukkar det opp eit auka behov til lavo/bålhus/gapahuk.

Styret er i dialog med grunneigaren på Øvre Skodvin om å få lov å lage til noko slikt hjå dei. Det gjenstår ein skriftlig avtale og ein beslutning på kva for bygg ein skal sette opp. Når dette er bestemt så vil me i FAU lage ei nemd som ser på mogeligheita for å gjere dette på dugnad.

Lavoen hjå grunneigar Bodil Kaland og Harald Valle har ikkje vore brukt av skulen dei siste 2 åra. Me i FAU skal kontrollere tilstand og eventuelt fikse den litt, før skulen tar den i bruk igjen. **Vidar ser på dette.**

Anna.

1. Teieplikt. Nye i fau må signere teieplikt!

2. Fau ønsker at når det kjem nye elevar i løpet av skuleåret , så må skulen komme raskt ut med info til trinna når det gjeld navn o.l. på foreldra slik at vi raskast mulig får dei inn i fb lister, bursdagslister o.l.

3. Me snakka litt om me skulle foreslå til skulen og utvide skulemjølkordninga. Me blei einige om at dette ikkje er naudsynt.

Skrivar

Vidar Gjerstad